

Viktig informasjon angående endring av praksis for søkjarar med individuell behandling etter § 4-20/§ 4-13(§4-26) i opplæringsforskrifta

Tidlegare har Vestland fylkeskommune latt søkjarane med rett til individuell behandling vere med å konkurrere i hovudinntaket i tillegg. Dette blir det slutt på ved komande inntak. Opplæringsforskrifta er klar på at søkjarar med rett individuell behandling ikkje skal konkurrere etter poeng.

Hovudregelen for inntak til vidaregåande opplæring er at søkjarane blir fordelt etter poengsum. Dette står beskrevet i § 4-18: *Dersom det til eit utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 er fleire søkjarar enn fylkeskommunen har tilbod om elevplass til, skal plassane fordelast etter poengsum. Dette gjeld ikkje søkjarar som skal behandlast individuelt etter § 4-20, eller som blir tatt inn på grunnlag av fortrinnsrett etter § 4-21 til § 4-23.*

I merknad til opplæringsforskrifta § 4-20 står det: *Når søkeren oppfyller vilkårene etter denne paragrafen, skal fylkeskommunen behandle søkeren individuelt ved fordeling av plasser. Søkeren skal ikke konkurrere etter poeng, og det skal ikke beregnes poengsum.*

Dette får konsekvensar for dei som søker individuell behandling etter § 4-20, tredje ledd. Søkjarar som får karakterar i meir enn halvparten av faga, men som av tungtvegande grunnar må behandlast individuelt. Dersom dei vel å søkje om individuell behandling vil dei bli plassert og kan ikkje samtidig konkurrere etter poeng. Det vil sei at søknad til eventuelt høgare ønske, blir stoppa.

Tilsvarende gjeld og for søkjarar som blir tatt inn etter individuell behandling til vg2 og vg3

Her må vi sjå både på § 4-26 i opplæringsforskrifta; Individuell behandling ved fordeling av plassar til vidaregåande trinn 2 og vidaregåande trinn 3 og § 4-13 Vilkår for inntak til vidaregåande trinn 2 og trinn 3.

I merknaden til § 4-26 står det: *Paragrafen regulerer fordeling av plasser til vidaregåande opplæring trinn 2 og trinn 3 etter individuell behandling, altså hvilke elever som ikke skal poengberegnes eller ikke skal tas inn basert på fortrinnsrett. Paragrafen må sees i sammenheng med § 4-13. Det står vidare sist i merknaden: Etter første ledd bokstav b og c skal søkere som tas inn etter § 4-13 andre ledd bokstav a og b og sjette ledd, ikke poengberegnes, men tas inn på individuelt grunnlag.*

Viss vi ser på kva som står i § 4-13 andre ledd bokstav a og b og sjette ledd står det der: *Følgjande søkjarar som ikkje oppfyller vilkåra for inntak etter første ledd, kan likevel takast inn til neste trinn dersom fylkeskommunen etter ei samla vurdering finn at det er forsvarleg ut frå dei faglege føresetnadene:*

- a. søkjarar som har vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring etter [opplæringslova § 11-6](#), og som på grunn av innhaldet i vedtaket ikkje har vurdering med karakter i fleire fag frå vidaregåande trinn 1 eller trinn 2
- b. søkjarar som planlegg å følgje vidaregåande opplæring med individuelt utvalde kompetansemål

Sjette ledd: *Fylkeskommunen kan i særskilde tilfelle ta inn andre søkjarar dersom det ligg føre tungtvegande grunnar, og søkjaren har eit særleg behov for å bli teken inn*

Det betyr at desse gruppene søkjarar skal behandlast individuelt, og dei kan ikkje samtidig konkurrere etter poeng. Dei har rett på inntak til eit programområde som dei er kvalifisert for etter vg1 eller eventuelt vg2. Dersom dei får tilbod på eit lågare ønske, blir søknad til eventuelt høgare ønske stoppa.